

## **Kulturråd i Lindås**

Lindås kommune ynskjer at det skal opprettast eit kulturråd i kommunen.

For å få dette til, har Frivilligsentralen sett saman eit interimstyre av fire personar med brei erfaring frå kulturarbeid og i tillegg bidrege med administrativ ressurs.

Det siste året har dette styret gjort førebuande arbeid med tanke på å oppretta eit kulturråd der alle lag og organisasjonar, som i hovudsak er registrert i frivillighetsregisteret og ikkje høyrer inn under idrettsrådet, kan bli medlemmer.

Interimstyret har hausta erfaring frå andre kulturråd, og har hatt mange møte for å drøfta seg fram til ein modell som kan passa her hjå oss.

Dei har utarbeidd framlegg til vedtekter som skal vedtakast av årsmøtet den 13.april samstundes som det vert vald eit fast styre for Kulturrådet. Dette styret skal då vera eit serviceorgan for medlemmene. Dei skal skapa ein arena for samarbeid mellom dei ulike laga, og gjerne organisera kurs og/eller temasamlingar etter laga sine behov.

Interimstyret kjem og med framlegg til ein samarbeidsavtale mellom Kulturrådet og kommunen. På den måten kan vi ha ein felles forståelse av kva oppgåver vi skal samarbeida om i arbeidet for å styrka kulturen si rolle og betra rammevilkåra i kommune og lokalsamfunn.

Det vi ynskjer oss er aktive medlemmer som møter opp, som tek kontakt og som vil bruka Kulturrådet til beste for laga sine.

Samstundes er det viktig å få i gang eit konstruktivt samarbeid med kommuneadministrasjonen som blir til beste for alle partar.

På vegne av arbeidsgruppe og interimstyret

Per Ole Ekker

Gro Sundal

Knarvik 19 mars 2015